

ARBEIDSGRUPPE 29

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport 29 Vaksenopplæring - bemanning og organisering



1. Mandat og rammer

Vaksenopplæring – ressursbruk og organisering

Arbeidsgruppa har som oppdrag å sjå på kva som vil vere naturleg nivå på vaksenopplæringstilbodet, VO, i Vinje kommune. Dette må vere tufta på gjeldande lovverk og i høve deltakartal. Tilbodet Vinje kommune gjev til vaksne innvandrarak er avhengig av tal på flyktningar kommunestyret vedtek og kven me faktisk får busett i kommunen vår. Gruppa har sett på korleis me kan rigge vaksenopplæringa

best mogleg innanfor fornuftige rammer og med best mogleg resultat for deltakarar, samfunn og kommunen som organisasjon.

2 Organisering og gjennomføring

Gruppa har møtast 3 gonger der fyrste møtet gjekk ut på å orientere ny leiar på Åmot skule om korleis dagens VO blir organisert. Her blei også litt av Vinje VO si historie presentert for å klargjere kontekst for forståing av dagens drift.

På møtet la avdelingsleiar for VO fram tal på deltakarar, tilsette og ulike spor kommunen tilbyr i dag. Så gjekk me gjennom framtidige tal og såg på om me kunne redusere drifta innanfor gjeldande lovverk. Innsparing her vil i hovudsak vere på lærarkrefter. VO er i omlegging nasjonalt på grunn av endring i lovverk og rettar. Dessutan har talet på flyktningar og familiegjenforeiningar gått ned, slik at Vinje VO naturleg vil kunne skalerast ned. Avdelingsleiar hevda at dei kan greie seg med eit heilt årsverk mindre og i tillegg ville ha kunne spart ein god del på transport dersom ikkje kommunen hadde eit vedtak om spreidd busetjing av flyktningane. Dette er eit større spørsmål som dreier seg om tilgangar på hus, arbeidstreningsbedrifter og språkpraksis samt fordeling av trykk med mange flyktningar samla på ein stad. I tillegg vart det hevda at kommunen som arbeidsgjevar i større grad måtte bidra med desse språk- og arbeidstreningsplassane.

Ei omlegging av integreringstenesta, busetjing og vaksenopplæring vil krevje ei politisk sak med eit nytt vedtak om **ikkje**-desentralisert busetnad. Denne rapporten vil difor vere påverka av politisk vilje til ny praksis.

Anders Sandvik	kommunalsjef	Arbeidsgruppeleder
Halvor Otterholt	Avd. leiar VO	Arbeidsgruppedeltaker
Gisle B. Espedalen	Rektor Åmot skule	Arbeidsgruppedeltaker

3.0 Utgreiing

Det fyrste og mest omfattande tiltaket gruppa såg på var å harmonisere tal på spor/grupper for deltakarar på vaksenopplæringa. Med færre busette innvandrar med rettar til opplæring vil det vere naturleg å gå frå 3 til 2. Spor kan forklarast med klasse eller gruppe som er basert på kompetansenivå og språkbakgrunn. Det handlar om når dei kjem til landet og busetjast i Vinje kommune. Sjølv om VO skal syte for individuelt tilpassa opplæring, er det klart at for store sklinader mellom elevane vil gjere opplæringsarbeidet særskilt krevjande og læringsutbytte for elevane redusert. Av erfaring ser me at skreddarsaum på individnivå er det som gjev best resultat. Likevel ser me at tal på elevar og deira behov gjev oss høve til å gå ned til 2 spor eller grupper frå januar 2027.

Dersom fleire VO-elevar er på same praksisstad og har språksis på same dagar, vil det kunne arrangerast samkøyring som vil kunne spare ein del transportutgifter. Truleg kan dette også frigjere ei prosentstilling i storleik 25-50 % i høve redusert tidsbruk på reiser mellom praksisstadene for lærarane.

Meir språkpraksis i Vinje kommunes ulike verksemdar ville kunne gje innsparing, men her blir det hevda at kapasiteten nett no er sprengt. Det er ikkje ledige språkplassar i kommunen i dag. Me må jobbe med å endre haldningar til å ha med seg praksiskandidatar i ulike bransjar som ikkje tradisjonelt har hatt det. Det kan også bli aktuelt i framtida med ny praksis og andre arbeidsmåtar innan ulike fagområde. Til dømes kan det vere aktuelt å sjå på om ein utifrå lovverket kan nytte ikkje-faglært arbeidskraft på fagområde kor me har kapasitetsproblem i høve rekruttering. Dette gjeld truleg både på oppvekst- og helsefeltet der me har nasjonale utfordringar med å skaffe nok fagfolk.

Ved busetjing sentralt i Åmot eller Rauland vil me få store innsparingar på skyss. Leiinga ved VO har sjekka ut høve til å nytte ordinær skulebuss for elevane på VO. Statsforvaltar held på at dette ikkje er foreinleg med heildagstilbod: VO har 37,5 timar i 47 veker som då går langt utover ordinært skuleår i grunnskulen. I dag har Vinje kommunes VO store utgifter med å skyss deltakarane både til og frå. I eit totalrekneskap har ein sett på at det er rimelegare å tilsette egne sjåførar som då kan fylle opp stillingane mellom køyringane med øvingskøyring og språktrening. I tillegg køyrer dei barnehagar, skular, HEM og kultur på aktivitetar og ekskursjonar som Vinje kommune elles måtte leigd inn eksternt. Etter anbodsinnhenting såg ein at dagens ordning blei langt rimelegare. Til dømes ville ei fast rute morgon og ettermiddag mellom Rauland og Åmot hatt ein årleg kostnad omkring tre kvart million. Dette gjev difor ein nettogevinst ved å ha egne bilar og sjåførar mot å leige inn eksterne aktørar. Kollektiv transport er elles ikkje mogleg å nytte, då det som kjent er eit marginalt tilbod i vårt område. Så lenge ein stor del av flyktningane manglar sertifikat og eigen bil, må kommunen legge til rette for transport. Det er også gjort vurderingar kring utfordringane med å sende vaksne og barn på same skuleskyssbuss. Mange kjenner seg ikkje komfortable med dette. Enkelte barn og heimar har uttrykt at dei er utrygge når me har prøvd ut dette tidlegare. Dessutan er det ikkje plass på alle rutene.

Totalkostnadene for skuleskyssen slik det er organisert i dag :

Sjåførar: 80 % +50 % = 130 % : Kr 960 000,-

To bussar à kr 200 000,- : kr 400 000,-

Samla utgifter skyss : **kr 1 360 000,-**

Innsparing for andre verksemdar i kommunen som nyttar VO sine bussar : kr 250 000,-

Reelle kostnader ved å ha skyss i eigen regi : **kr 1 110 000,-**

Me har riktig kompetanse på plass i dei fleste stillingane på VO. Nokre overføringar til ordinær grunnskule vil kunne vere aktuelt. Elles er det mogleg å gjennomføre innsparingar med naturleg avgang som pensjon.

Når me ser på driftsmidlar vil det vere mogleg å spare noko på læreverk og læremidlar ved å få færre deltakarar og gå frå tre til to spor.

3.1 Beskriving av tiltak

1. Færre spor

Arbeidsgruppa har vurdert og konkludert etter tal på aktuelle deltakarar i VO frå nyåret 2027 at det vil vere naturleg å gå frå 3 til 2 nivåspor. Med det elevgrunnlaget me har frå hausten, vil det framleis vere naudsynt å gje tilpassa tilbod på tre nivå. Grunnen til at me ikkje kan redusere til to spor før januar 2027 er elevgrunnlaget med unge deltakarar som har krav på delvis grunnskuleopplæring.

-To spor vil gje lønsreduksjon på om lag eitt årsverk som med sosiale utgifter utgjer kr 970 000,-

-40 % færre deltakarar vil kunne redusere driftsmidlane med 40 %: 25 X 6000,- = 150 000,

Innsparing ved overgang til to spor: om lag kr 1 100 000,-

2. Reduksjon transport – Scenario A - naturleg konsekvens

To spor og færre elevar vil kunne redusere behovet til ein buss og ein sjåfør i 80 % stilling. Dette vil kunne gje ei innsparing på å redusere dagens transportordning:

-Innsparing buss sjåfør 50 %: kr 330 000,- (inkl sos.ugifter)

-Totale driftsutgifter kutta for ein buss: kr 200 000,-

Totalinnsparing reduksjon transport Scenario A kr 530 000,-

Endra busetjingpraksis - Scenario B – krev politiske vedtak.

Ved å endre **busetjingspolitikken** som i dag syter for at flyktningar blir busett over heile vår vidstrakte kommune, vil me kunne redusere transportutgiftene monaleg. Kommunen har i dag to 16-seters minibussar med sjåfør som fraktar flyktningane frå Edland, Rauland og Øyfjell til Åmot for skuletilbod og språkpraksis. Om det kapasitetsmessig er mogleg å busetje alle i gangavstand eller med høve til å fylgje vanleg skulerute til VO, vil det vere store innsparingar på dette feltet. Me må likevel syte for transport for nokon begge vegar og heimatt for alle. Truleg vil VO kunne greie seg med ein buss og ein sjåfør i 50 %. Dette vil gje ei monaleg innsparing med om lag 80 %,

-Reduksjon 80 % sjåførstilling utgjer totalt kr 510 000,-

-Reduserte driftskostnader på ein buss på om lag kr 200 000,-

Totalinnsparing reduksjon transport Scenario B : kr 710 000,-

3. Endre språkpraksis og arbeidstreningsplassar

Ved å endre dagens ordning med innkjøp av språk- og arbeidstreningsplassar frå NAV og Kvito vil me kunne spare ein del midlar. Deltakarane vil likevel ha krav på og behov for desse som me då må finne andre stader. Reelle innsparingar her ligg på Integrerings-ansvaret i kommunen, slik at ikkje innsparinga vil treffe på VO.

- **Innsparing på VO på kontaktar og program vil bli om lag kr 15 000,- (Integreringstenesta kjem i tillegg)**

4. Fjerne eller dekomponere førarkortordninga

Gjennom fleire år har integreringstenesta og VO i Vinje kommune vurdert det hensiktsmessig å støtte flyktningar og andre på introduksjonsordninga med å skaffe seg førarkort. Det har vore vurdert som viktig utifrå ei heilskapstanke om at ein treng bil i Vinje. Dette på grunn av avstandar, farlege vegar og vértilhøve. Mange av dei som har gjennomført køyreopplæring i VO sin regi har også fått seg jobb pga førarkort. Ein må difor sjå denne ressursbruken i samanheng med samfunnsøkonomi elles. Hadde me ikkje hatt køyreopplæring, ville truleg kommunens kostnader auka på andre sektorar. Dette er altså viktige vurderingar som må gjerast.

I hovudtrekk har det vore to delar av denne støtta. Kronestøtte til førarkort, teori og øvingskøyring og øvingskøyring med kommunalt tilsett då det har vore vanskeleg å finne friviljuge til å ta denne jobben. Kronestøtta på kr 10 000,- x tal førarkort årleg har i snitt gjeve eit årleg beløp kring kr 50 000,- totalt. Øvingskøyring med lærarar og/eller eigen tilsett minibuss-sjåfør. Kostnader har i snitt utgjort 50 % stilling med ein totalkostnad på om lag 350 000,-

-Driftskostnad på øvingsbil har vore omkring 40 000,-

- **Innsparing ved å fjerne førarkortordning med opplæring er anslått om lag kr 440 000,-**

3.2 Konsekvenser av tiltak

1. Færre spor

Tiltaket vil føre til at me kan greie å gje fullverdig tilbod med reduksjon på 100 % lærarstilling frå og med 01.01.2027. På grunn av varsla avgang med pensjon som ikkje treng erstattast vil det ikkje gje konsekvensar for andre arbeidstakarar.

Ei utfordring vil likevel vere at det kjem til nye deltakarar til ulike tider på året. Sjølv om me no primært tek i mot ukrainarar, er det enorme skilnader på deira bakgrunn og føresetnader for læring og kvalifisering. Reduksjonen vil føre til at me i mindre grad kan tilby skreddarsydde opplegg for alle, slik me har kunna me to «hovudspor» og eit «oppsamlingsløp». Såleis vil ein konsekvens bli at me i ein overgangsperiode kan få ein lågare gjennomføringsgrad og færre som raskt går over i ordinært arbeidsliv. Kommunens utgifter til NAV sine støtteordningar vil kunne auke. Dette blir spekulasjonar og bør monitorerast undervegs. Truleg vil denne ulempa bli dempa med ein reduksjon på talet på deltakarar som ser ut til å bli monaleg redusert frå omkring 60 til 35.

2. Reduksjon transport

Vinje kommune vil kunne spare inn driftsutgifter og vedlikehald på to køyretøy med beløp kring 2 x 200 000,- årleg. To sjåførstillingar som sjåast i samband med praksiskøyring og førarkortopplæring og anna kommunal oppdragskøyring vil kunne gje ei innsparing på om lag 1300 000,- årleg. (84 + 50 %) Ein konsekvens vil vere at to tilsette vil miste eksisterande arbeid, men har rettar som tilsette i kommunen. Andre oppgåver vil måtte vurderast.

Innsparing må sjåast i samband med dagens busetjing av VO-deltakarar utan at me driftar transporten sjølv, vil gje oss store utgifter på innleige av transport eksternt. Dette har variert frå år til år på kor deltakarane faktisk har budd. Eit anslag her vil kunne ligge mellom 1 og 1,5 million årleg. Ein kan ikkje utan vidare legge opp til at deltakarane på VO kan fylgje ordinært oppsett skuleskyss. Dette gjeld mellom anna lengde på skuledag i høve lovkrav. Her må me likevel skilje med at det er mogleg til og frå Rauland. Såleis vil det vere aktuelt å seie at me kan greie denne innsparinga med god effekt dersom me har busetnad i berre Rauland og Åmot.

Ein må rekne med auka transportutgifter i både barnehage, skule, kultur og helse dersom dei to bussane og sjåførane vert tekne ut av drift. Eit erfaringsbasert anslag her om lag innsparer transportutgifter på om lag kr 250 000,- årleg.

3. Endre språkpraksis og arbeidstreningsplassar

Kommunen vil måtte kunne tilby fleire språk- og arbeidstreningsplassar for å demme opp for det behovet som er. Av erfaring veit me at denne delen av opplæringa har vore ein suksessfaktor for at VK har hatt relativt høg og rask overføring til ordinært arbeidsliv til offentlege og private verksemdar. Om ein ikkje greier å rekruttere nye bedrifter og auke tilbodet innan kommunal sektor, vil dette kunne føre til auka sosialutgifter gjennom NAV. Det blir difor viktig å starte dette arbeidet raskt om det blir aktuelt.

4. Fjerne eller dekomponere førarkortordninga

Det vil bli meir krevjande å skaffe seg førarkort for fleire av deltakarane på VO. Dette både fordi det blir auka kostnad og truleg eit lengre løp med øvingskøyring for dei fleste. I Vinje og omegn er det framleis ein del typer arbeid der førarkort og ok språk er einaste kvalifikasjonskrav. Desse vil då bli mindre aktuelle for dei som vil prøve å kome seg ut i arbeid for å bli økonomisk uavhengige. Dette vil kunne auke sosialutgiftene til kommunen men også gje større risiko for utanforskap. For høgare utdanna kandidatar på VO vil det kunne vere aktuelle stillingar som ikkje blir tilgjengelege for dei utan førarkort på grunn av for dårleg utbygd kollektivtilbod. Avstandane kan bli eit uoverstigeleg hinder som kan føre til fråflytting.

Oppsummerende tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1. Færre spor	Legge opp til 2 spor avhengig av kompetanse og
2. Reduksjon transport	Store skyssutgifter med heile kommunen busett
3. Endre språkpraksis	Større del av undervisningstilbodet som praksis. Fleir på same praksisplass. Ikkje kjøpe eksterne praksisplassar.
4. Fjerne førarkortopplæringa	Kutte ut tilskotsordninga og øvingskøyning som tilbod i opplæringstida-

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2026 og 2027 (når fullt implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Færre spor	1100	1150	Stabilt tal på deltakarar og relativt homogen gruppe
2. Reduksjon transport Scenario A Scenario B	530	530 710	I denne omgang ser me at reduksjon i transport vil gje ein direkte innsparing som naturleg fylgje av færre elevar. Her er gevinstrealisering avhengig av vedtak om sentralisert busetnad og tilgjengelege bustader.
3. Endre språkpraksis	15	15	Fleire verksemdar i kommunen og næringslivet må vere viljuge til å bidra med fleire arbeids- og språktreningsplassar.
4. Fjerne førarkortopplæringa	440	440	Her må det vere politisk vilje til å fjerne ordninga og samstundes forståing for at dette vil kunne gje større utsikter hjå både integreringstenesta og NAV då det vil kunne ta lengre tid å gjere nyankomne sjølvhjulpne og tilgang til eit større arbeidsmarked.

5. Oppsummering av heile arbeidsgruppa

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
1-3 . Arbeidsgruppa framlegg er å gjennomføre dei tre fyrste tiltaka, då dette er naturleg som fylgje av mindre volum på VO i åra som kjem. Arbeidsgruppa vil ikkje tilrå å endre ordninga med subsidiert førarkort og køyreopplæring i VO.	Dei tre fyste tiltaka er gjennomførbare og fornuftige dersom ikkje verda skulle endre seg radikalt og Vinje ville ha fått mange nye innvandrarakar med store behov og rettar. Me det nivået me legg opp til her, vil det etter vår oppfatning og i høve til gjeldande lovverk og dagens behov vere forsvarleg tilbod og gje og eit fagmiljø på riktig nivå. Den mest synlege negative konsekvensen vil vere at ein til to sjåførar som også spelar ein viktig rolle i kvardagen på VO vil miste sine jobbar. Dei har rettar som tilsette i Vinje kommune og vil kunne ha rett på anna arbeid i kommunen. Gjennom ei årrekkje har me sett dette som eit viktig verkemiddel for integrering og deltaking i samfunn og arbeidsliv. Førarkort har i seg sjølv vore ei motivasjon for språkopplæring på ein plass kor kollektivtrafikk ikkje funkar godt nok. Truleg vil kommunen få større utgifter om ein kuttar tiltaket. Ein kan også få større sosial ulikskap og/eller fråflytting når det blir vanskeleg å kome seg ut i arbeidsliv eller delta i ulike aktivitetar.

Beløp i 1000 kr	2027	2028	2029	2030
Tiltak	2085	2135	2200	2200